

Vekeplan 3. klasse

Veke 38

Ordenselev:
Jonas



Emne og mål:

| | |
|--------------|---|
| Sosialt mål: | Eg ser meg rundt i friminuttet. Dersom nokon er åleine, INKLUDERER dei i leiken. |
| Norsk: | Emne: Lesing og stavskrift Mål: Eg les masse og samlar poeng. Eg kan skrive øveorda rett. |
| Matematikk: | Emne: Fleirsifra tal. Mål: Eg kan plassere fleirsifra tal på tallinja. |
| Engelsk: | Emne: Colours Mål: Eg kjenner igjen, les og skriv ordbileta til 10 fargar. |
| Samfunn: | Emne: Kommunevalet Mål: Eg veit kven som er ordførar og varaordførar i Suldal eller Hjelmeland Eg veit kva oppgåver ein ordførar kan ha. |
| KRLE: | Emne: Rett og gale Mål: Eg kan for kva steling eigentleg er og kva konsekvensane kan bli dersom eg stel. |
| Natur: | Emne: Myldrande liv MÅL: Eg kan forklare kva mangfald i naturen vil seie. |
| K & H: | Emne: Fargar Mål: Eg kan fortelje kva ein <i>komplimentærfarge</i> er. |
| Musikk: | Vennskap: songar og leiker. |

Kjære foreldre!

Eg håpar alle elevane har fått registrert seg på Norli junior lesekonkurranse nå. Konkurransen startar altså månd. 16.sept., så nå er det berre å lese det ein kan. Me set av tid til lesing rett som det er, men det er fint –og viktig- at de puffar på og oppmuntrar heime og. Me har snakka om reglane for kva bøker som kan lesast og om poengsamling. Me har fokus på klasseresultat – om me sjølv sagt følgjer med på kvar einskild elev. Eg må alltid godkjenne det eleven har registrert (heime).

Så er valet over, men me vil snakke litt meir om dette denne veka og. Med ein far som varaordførar i elevgruppa me er i lag med om dagane, kan politikk kanskje aktualiserast lettare for elevane. (??)

Me kjenner at det er haust i lufta, og friminutta varer ganske lenge. Difor er det viktig at elevane stiller med gode (og passende) kler og skor kvar dag. Me har ofte bruk for regnkler og støvlar (sjølv om ein del slett ikkje synest det er nødvendig-sjølv om det høljar ned).

Elles er det kjekt å sjå at elevane synest det er stas å vise arbeid dei har gjort på brettet sitt- gjerne for heile klassen..

Måndag 16.september er det 8 år sidan Julie Ø blei fødd. Hipp hurra for henne!



Måndag 23.september skal me vaksne på oppfølgingskurs i bruk av nettbretta- og elevane får fri!

Lag deg ei flott veke!

Helsing Anny

Heimearbeid:

Namn:

| | |
|---------------------|---|
| <u>Til tysdag:</u> | Lesing: Les 15 min i låneboka di. Skriving: Lag eit tankekart i iThoughts der du skriv tittelen på boka og skriv ned nokre nøkkelord. Rekning: Gå inn på 10monkyes(du har fått brukarnamn og passord på lapp). 0-100, Tal gjenkjenning,8 + Addisjon,3. |
| <u>Til onsdag:</u> | Lesing: Leseboka s.20-21. Les 3 gonger-ein gong for ein vaksen. Samfunn: Snakk med dei heime om kva politikarane kan vere med å bestemme i kommunen. Engelsk: Workbook s.13 Rekning: Avtal med Anny |
| <u>Til torsdag:</u> | Lesing: Leseboka 27,28.Øv 3 gonger-2 av dei for ein vaksen. + les i låneboka. Finskriftboka: Skriv desse øveorda 3 gonger+ lag 3 setningar der du brukar dei: skje, kanskje,mamma, pappa. Rekning: Avtal med Anny |
| <u>Til fredag:</u> | Lesing: Les 15 min i låneboka di. Ta bilete av boka di og skriv 3 setningar om innhaldet (Explain Everything). Vel A (når du skal velje kva «handa» skal gjere). Rekning: 10monkeys, Addisjon,12 |

| | |
|-------------------|--|
| <u>Vekelekse:</u> | 1) Rydd rommet ditt! Etterpå: ta bilde av det nrydda ?????rommet med brettet ditt ☺ 2) Gjer ei STOR glede for mor eller far heime. Ta bilde eller skriv kva du gjorde ☺ |
|-------------------|--|

Kommentarar frå heimen: